



Morten Nilsen
Våganeset 27
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4291 - 22/890

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.01.2022

Svar på spørsmål til bruk av bygg med status bustad nyttast som fritidsbustad - gbnr 134/91 Hilland

Alver kommune viser til din førespurnad datert 30.12.2021 som gjeld bruk av bygg med status bustad nyttast som fritidsbustad på gbnr 134/91.

Bygget sin bygningsstatus i matrikkelen er bustad nyttast som fritidsbustad (kode 162). Bygningskoden viser bygget sin faktiske bruk, og tyder på at bygget er godkjend oppført som bustad. I utgangspunktet kan du be om å få endra bygningsstatus tilbake til bustad dersom bygget igjen skal takast i bruk til heilårsbruk.

Skjema for endring av bygningsstatus finn du på kommunen sine heimesider, sjå her: [Alver kommune - Endre bygningsopplysningar i matrikkelen](#)

Kommunen har ingen opplysningar om bygget på eigedomen. Det er ikkje kjend kva bygget er oppført som, når bygget vart oppført, eller når bygget sist var i bruk som heilårsbustad. Det er heller ikkje kjend kva løysing eigedomen har for vassforsyning, avløp eller tilkomst, eller kva teknisk stand bygget er i. I dette tilfellet må du derfor også gjera greie for desse forholda dersom du ønskjer å endra bygningsstatus. Legg gjerne ved bilete av bygget. Kommunen vil då kunne vurderer om tiltaket vil krevja søknad og løyve etter plan- og bygningslova før bygningsstatus i matrikkelen vert endra tilbake til bustad.

Etter plan- og bygningslova skal bygg som vert tatt i bruk til heilårsbustad vera godkjend for slik bruk. Avklaringar i forhold til registrering av fast bustadadresse må gjerast direkte med folkeregisteret.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Morten Nilsen

Våganeset 27

5106 ØVRE ERVIK